

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2018, 26.06.2018

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

AFTENPOSTEN: BILLEGAST Å BU I VOLDA

Aftenposten har funne ut at studenthyblane ved Studentsamskipnaden i Volda er dei billegaste i landet.

Dei billegaste hyblane til SiVolda kostar kr 3.500-4.000 pr

månad. <https://www.hivolda.no/studentliv/billigste-studentboligene-norge>

Basisstøtta i Lånekassen er hausten 2018 på kr 8.119,- pr måned i vanlege månader og kr 21.650,- i august.

<https://www.lanekassen.no/nn-NO/stipend-og-lan/hoyere-og-annen-utdanning/sa-mye-kan-du-fa/basisstotte/>

Nettsidene til Studentsamskipnaden i Volda: www.sivolda.no

NRK-REPORTASJEN OM SOLCELLENE

NRK Møre og Romsdal har laga ein artig fjernsynsreportasje om solcellepanela på taket av Berte

Kanutte-huset. https://www.nrk.no/video/PS*bba1ae90-0679-499c-ba49-b481ffa6989d

UTLYSING AV PROFESSOR-/DOSENTSTIPEND: SØKNADSRIST 1. AUGUST

Søknadsfristen for professor- og dosentstipend er 1. august 2018. På denne nettsida finn du meir informasjon om ordninga og oversyn over tilsette som har fått tildelt

stipend: <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

TILBAKEMELDING FRÅ KUNNSKAPSDEPARTEMENTET ETTER ETATSTYRINGSMØTET

Kunnskapsdepartementet har gjeve Høgskulen i Volda tilbakemelding på årsrapporten for 2017 etter etatstyringsmøtet 14. mai 2018. I tilbakemeldinga på tre sider gjev departementet ros til høgskulen for at årsrapporten er velformulert, lett å lese og gjev god oversikt og har eit godt format. Departementet gir høgskulen ros for internasjonalisering og utveksling og at det er god rekruttering til idrett og friluftsliv og masterutdanninga Media practices. Departementet følgjer særleg med på rekruttering av toppstillingar, publiseringsgrad, resultat i Studiebarometeret, gjennomføringsgraden på masterutdanningane og avsetningane. Tilbakemeldinga frå Kunnskapsdepartementet for 2018 og for tidlegare år finn du på denne nettsida: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/styringsdokument>

TIMEEDIT/TIMEPLAN (1): TIMEEDIT VERT KOPLA TIL CANVAS

Fagmiljøa fekk 15. juni tilbakemelding på ønske om undervisningslokale for hausten 2018. Informasjon om kva rom som er tinga i Timeedit vil ved semesterstart bli overført til dei aktuelle emna sine kalenderar i Canvas og vil så bli løpande oppdatert gjennom automatisk synkronisering. Kalenderen i Canvas kan studentar og tilsette synkronisere med kalender på eigen mobiltelefon. Informasjonen vert løpande oppdatert slik at endringar i Timeedit også vil bli oppdatert i Canvas og dermed på mobiltelefonar og andre tilkopla kalenderar.

Nytt i haust er at også spesialrom som til dømes for musikk og redaksjonslokale for media også er lagt inn i Timeedit. Det er framleis berre dei aktuelle fagmiljøa som "eig" spesialromma som kan tinge spesialrom - dei er ikkje opne for alle. Men bruk av desse romma vil altså også gå fram av Timeedit og vonleg gjere Timeedit endå meir tenleg i kvardagen. Når vi får erfaringar med bruk av Timeedit som timeplan kan vi vurdere om vi skal standardisere på Timeedit og unngå parallelle timeplanar i andre format: Papirhefte, pdf-filer, google dokument, Office365 eller Facebook. Det vil nok likevel vere ulike behov for dei ulike faga. Alle avdelingane har egne tilsette som kan kontaktast om du vil endre innhald i Timeedit.

Timeplansøk for studentar i Timeedit - med opningsdagen 14. august som dømme:

<https://cloud.timeedit.net/hivolda/web/timeplan/ri17Yg33WZY058QQQ0ZgQ05Y0653RU55gO5ZZX5ZxM6065y09XY03863Yg.html>

TIMEEDIT/TIMEPLAN (2): KOPLING TIL MAZEMAP (ELEKTRONISK KART)

Høgskulen i Volda har fleire år nytta Mazemap - eit elektronisk kart over alle hus og rom på høgskulen. No vert Mazemap også kopla til Timeedit slik at dei som lurar på kvar undervisningslokale er å finne lett kan klikke seg fram til det i Timeedit. Til dømes finn du BK Store auditorium her: <http://bit.ly/2K7yMn8> Du kan også klikke kvar som helst på Mazemap-kartet for å definere spesielle møtepunkt som ikkje er i bestemte rom eller hus.

På lenkja nedanfor står det oversikt over aktivitetar på opningsdagen tysdag 14. august, og roma finn ein ved å klikke på

"Kart": <https://cloud.timeedit.net/hivolda/web/timeplan/ri17Yg33WZY058QQQ0ZgQ05Y0653RU55gO5ZZX5ZxM6065y09XY03863Yg.html>

OPPMØTEREGISTRERING ER I ARBEID: BLIR VONLEG KLART TIL STUDIESTART

Oppmøtereistrering er ei stor utfordring for heile sektoren fordi det er svært mange studium som har oppmøtereistrering og det har ikkje vorte utvikla ei felles løysing. No har dei to første semestera med Canvas vorte gjennomført og vi slit framleis med å få på plass gode ordningar for oppmøtereistrering. Dette er også noko som både studentar og fagtilsette har etterlyst mange gonger. Fleire løysingar har vorte testa og forkasta men målet er framleis å få på plass ei ny ordning til studiestart hausten 2018. Det er inngått avtale med eit eksternt firma som skal levere løysing for oss og ein annan institusjon.

REISER (1): NY REISEBYRÅAVTALE MED EGENCIA

Statens Innkjøpssenter har inngått avtale med reisebyrået Egencia og denne avtalen må alle tilsette ved HVO bruke i samband med tenestereiser. Den nye avtalen gjeld frå 1. juli 2018. Tilsette vil då få ein annan reisebyråportal enn i dag, men rutinane vil stort sett vere dei same. Egencia tek ikkje over ansvaret for reiser som vert tinga gjennom noverande reisebyrå Berg Hansen før 1. juli. Det vil seinare kome nærare informasjon om kontakt med Berg Hansen etter 1. juli. Her høgskulens interne retningslinene for

reiser: https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/Retningslinjer%20reiser%20HVO_ versjon2018_0.pdf

REISER (2): TILBOD OM KREDITTKORT VIA EUROCARD

Reiseutlegg skal fortsatt betalast av den einskilde tilsette, og helst med kredittkort. HVO tilbyr kredittkort til sine tilsette via Eurocard Dette er eit personleg kredittkort som den tilsette sjølv har ansvar for, men der HVO dekkjer den årlege avgifta på kr 395,- på dette kortet. Kontaktperson er Silje Rekkedal.

VI VIL SJÅ DEG! OPPDATER TILSETTEPROFILEN

Vi er glade for at mange har oppdatert tilsettprofilen sin på HVO-veven med informasjon om seg sjølv.

Ikkje minst er det spennande for nye studentar å få sjå kven som skal bli deira nye lærarar. Oppdater

profilen din ved å logge deg inn på di eiga side her: <https://www.hivolda.no/user/login>

Brukarrettleiing til korleis du oppdaterer profilen din finn du her:

https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/tilsettprofil_retningslinjer.pdf

Om du treng hjelp ta kontakt med vevgruppa: vev@hivolda.no

NYTT VERNOMBOD: NOMINASJONSFRIST 1. AUGUST

Vervet som hovudverneombod ved HVO er ledig og dei tillitsvalde har invitert alle tilsette om vurdere å stille til val, eller å nominere ein kollega. Om du nominerer ein kollega må han eller ho vere spurd på førehand. Framlegg på kandidatar melder du til ein av dei tillitsvalde innan 1. august.

Ved HVO utgjer vervet 20 prosent av ei stilling og vert betalt med eit fast kronetillegg pr. måned.

Verneombod som ikkje har gjennomført nødvendig opplæring, vil få tilbod om dette av arbeidsgivar.

Meir informasjon om val av verneombod: <https://cp.compendia.no/stat/personal/400666>

Meir informasjon om verneombod ved HVO finn du i Compendia (krev

innlogggin): <https://cp.compendia.no/hgskulen-i-volda/hms-handbok/59192#openstep=59200>

ENDRINGAR I FELLESADMINISTRASJONEN FRÅ 1.1.2019

Fellesadministrasjonen på HVO tel ca 78 årsverk - knapt 1/4 av samla tal årsverk på HVO i 2017. Våren 2018 har det vorte vurdert fleire endringar i kontorinndelinga i fellesadministrasjonen, og resultatet vart gjort kjent fredag 22. juni. Den største endringa går ut på at Dokumentsenteret og Personalkontoret vert slått saman til eitt felles kontor, og det same skjer med Drift og Økonomikontoret. Dei nye inndelingane skal gjelde frå 1. januar 2019. Namn på dei nye kontora vil kontora sjølve avgjere.

Fellesadministrasjonen vil etter dette vere samansett av følgjande kontor og årsverk (ca):

- Studieadministrasjonen: 23 årsverk.
- IT: 10 årsverk (+ 3 lærlingar)
- Personal/dokument: 10 årsverk.
- Økonomi/drift: 10 årsverk.
- Biblioteket: 10 årsverk.
- Kommunikasjon: 6 årsverk
- FoU: 2 årsverk.

BONING AV KONTORGOLV - SKRIV PÅ DØRA NÅR DU HAR FERIE

Reinholdsfirmaet Toma bonar kontorgolva frå no og til og med veke 30. Vi ber om at før du går ut i ferie så flyttar du lause ting opp frå golvet og husk å skrive på døra di kva tidsrom du har ferie.

STUDENTKORTA BLIR STENGT FRÅ 20. JUNI TIL 15. AUGUST

I sommarferien frå ca 20. juni til 15. august virkar ikkje studentkorta. Studentar som treng tilgang til høgskulen i sommar må vende seg til avdelinga si eller faglærar som så sender ein epost til Drift med stadfesting av behovet. Studentar kan då få tilgang til lesesal i BK 2. høgda og dataroma i BK 3. høgda.

SEMESTERSTART 2019

Semesterstart og semesteropning hausten 2019 blir tysdag 20. august.

OPNINGSTIDER I SOMMAR

Biblioteket: Opningstida vert korta inn til kl 10-14 i tida 25. juni til 15. juli. Biblioteket er heilt stengt frå 16.-27. juli. Opningstida blir kl 10-14 dei to første vekene i august. Det blir deretter vanlege opningstider frå måndag 13. august. <https://www.hivolda.no/biblioteket>

Bokhandelen (Akademika): Butikken er stengt i veke 26-31. I veke 26 og 27 er butikken bemanna og har «besøktid» for forelesarar og andre tilsette kl 12-14. Kaffi på kanna! Frå 6. august er butikken open kl 9-16. <https://www.akademika.no/node/23608535>

Kantina: Første opningsdag etter ferien blir 6.

august. <https://www.sivolda.no/kantine/category871.html>

Pangaia: Pangaia er stengt i heile juli. Dei første utanlandske studentane kjem til Volda 4. august, og Pangaia har vanlege opningstider frå 14. august.

Desse held ope i heile sommar:

IT-hjelp: Ope kl 8-15.30 i heile sommar.

Sentralbordet: Ope kl 8-15 heile sommar.

Studentsamskipnaden: Ope kl 9-15 i heile sommar.

Studentsørvis: Ope kl 8-15 i heile sommar.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018

- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund. <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>
- 24.8. Samling for nytilsette
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 13.9. Styremøte 5/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 19.-27.9 Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen): <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO: <https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

Viktige datoar i 2019

- 20.8.2019 Semesterstart

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

NYTT FRÅ PERSONALKONTORET

Mange søkjarar har fått tilbod om stiling ved Høgskulen i Volda, men pr i dag er det ikkje nye tilsette som har teke i mot stilling sidan førre nyhendebrev for eit par veker sidan.

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN:

Tale på sommaravslutning 2018 - "Årstale" (18. juni 2018)

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/06/18/tale-pa-sommaravslutning-for-hogskulen-i-volda-varen-2018/>

Orientering til styret, styremøte 7. juni 2018

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/06/15/orientering-til-hogskulestyret-styremotet-7-juni/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>